

Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø  
Uglåsvegen 80  
5957 Myking

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6813 - 23/7487

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
06.02.2023

## Svar på søknad om bruksendring og avslutting av sak - gbnr 44/16

Syner til dykkar søknad om bruksendring frå fritidsbustad til einebustad.

Kommunen har etter ny gjennomgang av den informasjonen som ligg føre i saka konkludert med at det ikkje er naudsynt med søknad om bruksendring frå kode 161 (fritidsbustad) til kode 111 (einebustad).

Uavhengig av dette er det kommunens oppfatning at bygget aldri skulle vært registrert som kode 161(fritidsbustad). Bygget er i dag endra til kode 111 (einebustad).

### Bakgrunn for saka

Bygget var registrert som kode 161 fram til 2015 og deretter endra til kode 111. Deretter endra kommunen det frå kode 111 til 161 i 2022, basert på at føringa i 2015 var ei feilføring.

Dykk har i søknaden i 2015 opplyst fylgjande;

«[...] Eiendommen ble bygget med en helårsbolig i 1952, og var frem til 1983, bebot [...]. Jeg kjøpte – og overtok stedet [...] i 1983, og sökte da om å få bygget omgjort til fritidsbolig, hvilket ble godkjent, og dette har vært bruken frem til denne tid [...]»

Nabo har hatt innvendigar til søknaden om bruksendring knytt til drift av eksisterande landbrukseigedom og har opplyst fylgjande;

«Denne eigedommen vart skilt ut ifrå bruk 44/10 på egen innmark den 27/6-1952 av Kristian Rønquist som eigar av bruk 44/10. Dette var fordi det ikkje var kårhús på garden når han overdrog 44/10 til si dotter Mary Tvedt og Olav Tvedt. Han bygde deretter eit lite hus som han budde i og solgt vidare til sitt barnebarn Kjell Vidar Øvrebø ein gang på 70 tallet. Det vart då omgjort til fritidsbustad av Kjell Vidar barnebarn Kjell Vidar Øverbø en ein gang på 70 tallet [...] og vore nytta som dette fram til dagens dato [...]»

Såleis har nabo stadfesta at eigedommen har opprinnelag vore ein bustad, men har vore nytta som fritidsbustad dei seinare åra.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Ved endring fra einebustad / kårhus / våninghus til fritidsbustad var det på aktuelle tid også krav om søknad etter plan- og bygningslova. Kommunen finn ingen slik søknad i sitt arkiv, og legg difor til grunn at dette ikke er søkt om.

Det er derimot brukt på det reine at det ikkje var unormalt å ta kontakt med kommunen og opplyse om at ein nytta bustaden til fritidsbustad. Som oftast var dette basert på at ein hadde arva / kjøpt ein bustad og hadde folkeregistrert adresse ein anna stad. For å sleppe å betale kommunale avgifter for heilårsbustad, tok ein då kontakt med kommunen og opplyste om dette. Dette førte til at mange bustader vart endra på i det kommunale systemet, som i ettertid har vist seg å ikkje vera riktig registrert.

Bygget har tilfredsstillende standard og vassforsyning og avlaupsanlegg. Bygget framstår som ein bustad jf. opplysningane i saka.

## Oppsummering

På bakgrunn av dette meiner vi at registreringa av bygget som fritidsbustad er feil, og den skal vera registrert som heilårsbustad. Om riktig kode for bygget er 111 eller 113 (våningshus) har ikkje vore mogleg å avklare. Plan og byggesak har på bakgrunn av dette sendt melding til kart og oppmåling om at vår vurdering er at bygget kan endrast til kode 111 utan vidare søknadsprosess.

Søknad om bruksendring vert avslutta frå kommunen si side og det vert ikkje sendt ut gebyr i saka. Vi beklagar at dette ikkje har vorte oppdaga tidlegare og retta opp i allereie i 2015.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

# Siril Therese Sylta Tenesteleiðar

## Are Frøysland Grande Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Mottakarar:

Kjell-Vidar Rønquist Øvrebø

Uglåsvegen 80

5957 Myking